

## Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 07.02.2017

**Rosalind Fosse (FrP)** sette fram fylgjande forslag på vegne av partiet Høyre og partiet Fremskrittpartiet:

1. Fylkestinget tar til etterretning at søknad om statlig finansiering til produksjonsskole på Hjeltnes ikke har ført frem.
2. Fylkestinget ønsker ikke å jobbe vidare med å få etablert produksjonsskole på Hjeltnes. Skolens bygninger og eiendommer legges ut for salg.
3. det tas kontakt med Ulvik Herad om de har interesse av kjøp av eiendommene.

**Alexander Fosse Andersen (SP)** sette fram fylgjande forslag på vegne av Ap, Krf, Sp, V, MDG, SV og Rødt:

Nytt punkt 3:

-Avgjersle om mellombels drift vert teke etter naudsynte avklaringar med sentrale styresmakter fram mot Fylkestinget mars 2017.

-Punkt 6 strykast.

### Røysting:

Forslaget innstilling frå Alexander Fosse Andersen med fleire vart vedteke mot 4 røystar frå partiet Høyre og partiet Fremskrittpartiet.

### Vedtak

- 1 I 2017 skal arbeidet med å etablere ein produksjonsskule med statleg finansieringstilskot prioriterast. Prosjektgruppa som er oppretta, skal med utgangspunkt i eksisterande prosjektskisse og vedtakspunkta frå fylkestinget 05.10.16 arbeide vidare med dette. Statleg finansiering må vere avklart innan utgangen av 2017. Prosjektgruppa skal mellom anna vurdere skulen si organisatoriske plassering og kva investeringar som er naudsynt. Utlysning av stilling som dagleg leiar av produksjonsskule kan tidlegast gjerast i 2018. Tidlegast start av produksjonsskule vil vere hausten 2018. Fylkestinget skal i mars 2018 ta stilling til ramma for ei eventuell etablering av produksjonsskule.
- 2 I budsjetthandsaminga for 2018 skal det takast omsyn til drift og investering knytt til produksjonsskule og investeringstrong til nytt fagskuletilbod. Alternativt kan dette handsamast som ei tilleggsløyving i fylkestinget i mars 2018.
- 3 Avgjersle om mellombels drift vert teke etter naudsynte avklaringar med sentrale styresmakter fram mot Fylkestinget mars 2017.
- 4 Bustadhusa «Austun» og «Vestun», som ikkje er i direkte tilknytning til gardstunet, skal seljast så raskt som mogleg. Holmen nord for fylkesvegen skal vurderast med tanke på regulering og sal/avhending i dialog med Ulvik herad. Holmen sør for fylkesvegen vert planlagt brukt til produksjonsskule. Sal med langsiktig leigeavtale kan og eventuelt vurderast.
- 5 Areal som har langtidsleige skal vurderast med tanke på oppseiing, men areal som ligg i nærleik til gardstunet og vil vere tenleg å behalde med tanke på produksjonsskule, skal vidareførast. Alle eksisterande avtalar skal vurderast i høve til oppseiing eller vidareføring.